

# Coworking for bygdeliv!

Eit levande digitalt dokument som vert oppdatert etter kvart som prosjektet går sin gang

*Erfaringar  
og innsikt*





VÁGS  
KOMMUNA



NORA



Blábakkinn



Geirangerfjorden  
verdsarv



Dei sameinte nasjonane  
sin organisasjon for  
utdanning, vitskap og kultur



Vestnorsk  
fjordlandskap

[www.arcticdigitalnomads.com](http://www.arcticdigitalnomads.com)



Rapport frå prosjektet Coworking for bygdeliv! finansiert av NORA Nordisk Atlantsamarbeid  
<https://nora.fo>

**Rapporten er eit digitalt dokument i utvikling som vert oppdatert etter kvart som prosjektet går sin gang. Sist oppdatert 1. juli, 2025.**

Partnarar i prosjektet: Blábankinn [www.blabankinn.is](http://www.blabankinn.is) i Þingeyri på Island, Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv [www.fjordsenter.com](http://www.fjordsenter.com) i Geiranger, Norge og Vág Kommune (Vágs kommunu) på Færøyane (<https://vagur.fo/>).

Prosjektet vert vidareført i perioden 2025 – 2026 og vonleg også i fleire år utover dette.

## FØREORD

Prosjektet «Coworking for bygdeliv!» er eit samarbeidsprosjekt mellom Blábankinn ([www.blabankinn.is](http://www.blabankinn.is)) i Þingeyri på Island, Færøyane sitt einaste coworking senter i Vág Kommune på Færøyane (Vágs Kommuna, [www.vagur.fo](http://www.vagur.fo)) og Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv ([www.fjordsenter.com](http://www.fjordsenter.com) og [www.fjordcowork.com](http://www.fjordcowork.com)) i Norge.

Prosjektet er støtta av Nordisk Atlantsamarbeid, NORA. NORA er eit regjeringssamarbeid under Nordisk Ministerråd sitt regionalpolitiske samarbeidsprogram som består av Grønland, Island, Færøyene og Kystnorge (<https://nora.fo/>). Målet for NORA er å styrke samarbeidet mellom verksemder, forsking og utviklingsaktørar i Nordatlanteren for å fremje ei berekraftig økonomisk utvikling.

Prosjektet Coworking for bygdeliv! har første året (2024) hatt ei total kostnadsramme på 978.000 danske kroner, der halvparten er eigeninnsats av partnarar. Vi tek sikte på å halde fram med samarbeidet i alle fall ut 2025. Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv har vore prosjekteigar og hatt prosjektleiing i initiativet.

Denne rapporten ligg føre (førebels) berre på norsk, med eit engelsk samandrag, men det er ikkje vanskeleg å omsetje innhaldet til andre språk ved å bruke Chat GPT eller andre verktøy – dersom de har behov. Etter kvart tenkjer vi også å omsetje rapporten til engelsk.

Målgruppa for denne rapporten er første og fremst andre personar eller organisasjonar som har planar om å gjennomføre noko liknande. Både innhald og struktur i rapporten er derfor først og fremst mynta på dei.

Rapporten vil vere **eit levande dokument** der vi supplerer informasjon i alle fall dei to første åra av arbeidet vårt. Det betyr at nokre overskrifter ikkje eingong har innhald - enno. Men vi fyller på etter kvart, så følg med!

Takk til NORA, Møre og Romsdal fylkeskommune, prosjektpartnarar og lokalsamfunna for samarbeidet!

Vágur, þingeyri og Geiranger

1. juli, 2025



NORA



VÁGS  
KOMMUNA

## INNHALDSLITE

FØREORD .....	4
SAMANDRAG .....	6
HØGDEPUNKT OG TIPS .....	8
LEKKER KNYTT TIL COWORKING FOR BYGDELIV! OG PROSJEKTPARTNARANE .....	9

---


## DEL 1. ERFARINGAR OG BESTE PRAKSIS

INNLEIING .....	11
PARTNARAR OG COWORKING TILBOD .....	12
FÆRØYANE: VÁGS KOMMUNA .....	12
ISLAND: BLÁBANKINN I ÞINGEYRI .....	13
NORGE: FJORD COWORK – GEIRANGERFJORDOMRÅDET .....	14
STIPENDET ARCTIC DIGITAL NOMADS GRANT .....	17
UTLYSING .....	17
KVA INFORMASJON BAD VI OM I SØKNADEN? .....	19
KVEN SØKTE? .....	19
<i>Til Geirangerfjordområdet</i> .....	19
<i>Til Island</i> .....	20
KVEN FEKK TILBOD OM STIPEND? .....	21
KVA GJORDE VI FOR Å FØLGJE OPP ARCTIC DIGITAL NOMADS STIPENDMOTTAKARAR? .....	22
RESULTAT OG TILBAKEMELDINGAR FRÅ ARKTISKE DIGITALE NOMADAR (ADN) .....	23
<i>Evaluering knytt til Geirangerfjordområdet</i> .....	24
<i>Evaluering/oppsummering knytt til til Island</i> .....	29

---

## DEL 2. OM PROSJEKTET “COWORKING FOR BYGDELIV!”

COWORKING FOR BYGDELIV! FØREMÅL OG AKTIVITETAR .....	33
PARTNARAR .....	34
PLANLAGDE RESULTAT AV PROSJEKTET .....	36
GJENNOMFØRING OG ORGANISERING AV PROSJEKTET .....	37
FINANSIERING .....	37



PÅ LYSKUNSFESTIVAL I GEIRANGER. (FOTO TWYLAMERGAN)

## SAMANDRAG

«Coworking for bygdeliv!» er eit samarbeid mellom Blåbankinn på Island, coworkingsenteret i Våg kommune på Færøyane, og Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv i Noreg. Prosjektet er støtta av *Nordisk Atlantsamarbeid (NORA)*, eit samarbeid under Nordisk Ministerråd med mål om berekraftig økonomisk utvikling i Nordatlanteren.

Bakgrunnen for prosjektet er felles demografiske utfordringar i regionen: avfolking av distrikta grunna urbanisering og sentralisering. Samtidig har Covid-19 ført til nye arbeidsformer og opna for fjernarbeid og fleksible løysingar som coworking. Coworking kombinerer profesjonelle fasilitetar med sosiale og faglege fellesskap for å tiltrekke seg frilansarar, digitale nomadar og småbedrifter – ei gruppe som kan bidra til revitalisering av bygdesamfunn.

Prosjektet har hatt som hovudmål å rekruttere unge vaksne til bygdene gjennom bruk av eksisterande coworking-tilbod. Dette har ein prøvd å oppnå gjennom:

1. Utveksling av kunnskap og erfaringar.
2. Pilotprosjekt for rekruttering.
3. Utforsking av digitalt samarbeid og plattformer.

**Arctic Digital Nomad Grant**, som del av prosjektet, har vore ein stor suksess. Fleire hundre søkte for om stipend til å prøvebu og -arbeide i områda våre i 1-3 månader. Dei ville gjerne bidra til både fagleg og sosialt fellesskap i lokalsamfunna. 15-20 personar fekk stipend og nokre av desse har allereie bestemt seg for å bu eller arbeide vidare i områda våre. Deltakartilfredshea var stor mellom deltakarane og erfaringar og tilbakemeldingar vert nytta til vidareutvikling.

Programmet har potensial til å etablere seg som ei vellukka satsing for å tiltrekke seg digitale nomadar til distrikta i lågsesong.

Målretta, langsiktig innsats er avgjerande for å skape attraktive og berekraftige småsamfunn. Ved å byggje på eksisterende infrastruktur og tidlegare prosjekt, har samarbeidet mellom prosjektpartnarane styrkt kunnskapsdeling og gitt nye mogleigheter for rekruttering og lokal utvikling. Samarbeidet vil bli videreført i perioden 2025 – 2026 og vonleg også vidare framover.

## ENGLISH SUMMARY

**"Coworking for Rural Life!" (Coworking for bygdeliv!)** is a collaboration between Blábankinn in Iceland, the coworking centre in Vágur Municipality in the Faroe Islands, and Geirangerfjord World Heritage Foundation in Norway. The project is supported by the Nordic Atlantic Cooperation (NORA), a collaboration under the Nordic Council of Ministers aimed at sustainable economic development in the North Atlantic region.

The background for the project lies in shared demographic challenges in the region: depopulation of rural areas due to urbanization and centralization. At the same time, Covid-19 has led to new ways of working and opened up opportunities for remote work and flexible solutions such as coworking. Coworking combines professional facilities with social and professional communities to attract freelancers, digital nomads, and small businesses — a group that can contribute to the revitalization of rural communities.

The project's main goal has been to recruit young adults to rural areas by utilizing existing coworking opportunities. This has been pursued through:

1. Exchange of knowledge and experiences.
2. Pilot projects for recruitment.
3. Exploration of digital collaboration and platforms.

The **Arctic Digital Nomad Grant**, as part of the project, has been a great success. Several hundred people applied for a grant to test live and work in our regions for 1–3 months. Many expressed a strong interest in contributing to both the professional and social communities in the local areas. A total of 15–20 individuals received the grant, and some of them have already decided to continue living or working in our regions. Participant satisfaction was high, and the experiences and feedback are being used for further development.

The program has strong potential to establish itself as a successful initiative for attracting digital nomads to rural areas during the off-season.

Targeted, long-term efforts are crucial for creating attractive and sustainable small communities. By building on existing infrastructure and previous projects, the collaboration between the project partners has strengthened knowledge sharing and provided new opportunities for recruitment and local development. Collaboration will be continues during the period 2025–2026 and hopefully further on.



FRÅ KICK-OFF I NORDDAL (FOTO: ELSE RAGNI YTTREDAL)

## HØGDEPUNKT OG TIPS

Vi har gjort oss nokre erfaringar gjennom utviklinga av våre coworking tilbod og gjennom prosjektet Coworking for Bygdeliv! Basert på desse har vi laga ei kort liste med tips til andre som vil prøve ut liknande coworking initiativ for å rekruttere innbyggjarar til små bygder.

1. **Start enkelt:** Uansett tiltak, start i det små og med det enkle for å teste ut korleis ting fungerer i praksis - både i forhold til marknad og i forhold til eigen organisasjon. Å få tak i og yte service til coworkarar tek mykje tid. Det er alltid høve til å utvide etter kvart.
2. **Målgruppe:** Det er truleg lettast å nå tak i personar med: 1. IT og teknologibakgrunn, som kan ta med seg arbeidet. 2. Folk med kreative yrke, bilde, video, film, tekst.
3. **Gratistilbod** ser ut til å skape interesse både i media og hos interesserte. Initiativet med Arctic Digital Nomads Grant har vore ein suksess for å nå ut til målgruppene.
4. **Inviter til å prøvebu:** Det ser ut til at moglegheita til å prøvebu gjer det enklare for folk å ta steget ut på bygda.
5. **Folk ønskjer også å bidra:** Stipendmottakarar som kjem ønskjer å bidra inn i fellesskapet, å bidra vert sett på som ein fordel, ikkje ei byrde.
6. **Nettverksbygging:** Vi har stor tru på nettverksbygging både mellom coworkarar, mellom coworkarar og lokalsamfunna og mellom coworkarar i ulike land.
7. **Samarbeid med andre:** Samarbeidet mellom coworking initiativa i Våg kommune på Færøyene, på Æringeyri på Island og Geirangerfjordområdet i Norge har vore positivt: Det er gøy, vi utvekslar erfaringar og har ulike kunnskapar og ressursar som vi kan nytte i fellesskap.

Det er verdt å ta med seg det vi oppfattar som **suksessfaktorar** basert på evalueringa etter besøk av coworkarar som fekk «Arctic Digital Nomads Grant» 15. januar til 30. april, 2025.

8. **Sosialt fellesskap og miljø:** Deltakarane set pris på det å bli kjent med kvarandre og med lokalsamfunnet. "Folk" og "sosiale aktivitetar" går att som gjentekne suksessfaktorar.

9. **Tilrettelegging og informasjon:** Klar kommunikasjon om forventningar, god informasjon og raske svar vart sett stor pris på. Videosamtale i forkant vert særskilt trekt fram som positivt.
10. **Vertskap og infrastruktur:** Vertskapet får ros for både det sosiale og det profesjonelle miljøet. Staben vert omtalt som varm og inkluderande, og kombinasjonen av fokusert arbeidsmiljø og uformelle sosiale møtestader vart godt motteken.
11. **Aktivitetstilbod:** Deltakarane rapporterer om eit svært variert og rikt program. Dei opplevde breidde og i aktivitetane – frå sauna og matlaging til felles fjellturar og lyskunstfestival.

## LEKKJER KNYTT TIL COWORKING FOR BYGDELIV! OG PROSJEKTPARTNARANE

Under finn de lekkjer til digitale ressursar knytt til prosjektet Coworking for bygdeliv!, prosjektpartnerane og initiativet «Arctic Digital Nomads Grant».

- Felles Arctic Digital Nomads nettside <https://www.arcticdigitalnomads.com/> var oppretta gjennom eit tidlegare prosjekt. Vi har nytta denne nettsida som en felles portal til alle partnarar. Utlysinga av Arctic Digital Nomads Grant var også delt her, men sida treng oppgradering og dette står på planen for sommaren og hausten.
- Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv har utvikla konseptet Fjord Cowork. Ei ganske omfattande nettside som viser moglegheiter både for å leve, utforske og arbeide i området i og rundt Geirangerfjorden Verdsarv [www.fjordcowork.com](http://www.fjordcowork.com). Se også Instagram og Facebook:  
<https://www.facebook.com/profile.php?id=100075914655620> og  
<https://www.instagram.com/fjordcowork/>.
- Island og Blábankinn sin nettside finn de her <https://www.blabankinn.is/>
- Blábankinn sin informasjon om å flytte til Vestfjorden er ikkje utvikla i prosjektet, men kan kanskje vere eit godt eksempel som også kan nyttast på andre stadar: [www.blabankinn.is/moving-to-the-westfjords](http://www.blabankinn.is/moving-to-the-westfjords)
- Informasjon om Våg kommune finn de her <https://vagur.fo/> og meir om coworking i Våg finn de her [https://vagur.fo/arctic-digital-nomads-grant?\\_l=en](https://vagur.fo/arctic-digital-nomads-grant?_l=en)

---

## DEL 1. ERFARINGAR OG BESTE PRAKSIS



Foto: Hyke Studio ([www.hyke.studio](http://www.hyke.studio))

## INNLEIING

Endra demografi på Færøyane, Island og i Norge har skapt utfordringar knytt til fallande innbyggjartal i distrikt og småsamfunn. Urbanisering og sentralisering av arbeidsplassar har ført til ei gradvis avfolking av desse områda, noko som har resultert i aukande økonomisk press og sosiale utfordringar.

I kjølvatnet av Covid-19-pandemien har arbeidslandskapet gjennomgått store endringar. Behovet for fjernarbeid førte med seg ei bølgje av fleksibilitet og digital mobilitet i arbeidslivet. Denne nye verkelegheita har ikkje berre endra korleis vi arbeider, men også kvar vi arbeider frå. Coworking- stadar har blitt stadig meir populære som ein arbeidsmodell der personar frå ulike bedrifter, bransjar eller prosjekt deler ein felles arbeidsplass, ofte i eit kontorlokale. Dette skjer gjerne i eit miljø som legg til rette for samarbeid, nettverksbygging og fleksibilitet. Cowork tilbod tilbyr typisk fasilitetar som skrivebord, møterom, internett, kjøkken og sosiale område. Mange Cowork stadar har òg ein sosial eller profesjonell dimensjon, der arrangement, workshops eller nettverksmøte vert arrangert for å knyte saman medlemmene. Denne arbeidsforma er særleg populær blandt frilansarar, entreprenørar, småbedrifter og digitale nomadar som ønskjer eit profesjonelt arbeidsmiljø utan å binde seg til eit fast kontor. Dermed tilbyr desse arbeidsfellesskapen ikkje berre moderne og funksjonelle kontorpllassar, men også faglege samarbeid, moglegheit for nettverk og sosialt fellesskap. Denne fusjonen av arbeid og nye stadar gir ei unik moglegheit til å auke produktiviteten, stimulere kreativitet og oppleve ein variert livsstil samtidig.

Coworking har dermed potensial til å vere ein del av løysinga på dei demografiske utfordringane småstadar slit med. Ved å tilby moderne og fleksible arbeidsmiljø i landlege område, kan desse initiativa trekke til seg digitale nomadar, frilansarar og fjernarbeidarar til å busette seg midlertidig eller permanent i desse samfunna. Dette kan ikkje berre bidra til å stabilisere folketal, men også til å diversifisere økonomien, styrke lokalsamfunna og bevare den kulturelle arven og naturressursane i desse unike regionane.

Prosjektpartnerar i prosjektet Coworking for bygdeliv! har vore Blábankinn ([www.blabankinn.is](http://www.blabankinn.is)) i Þingeyri på Island, Færøyane sitt einaste coworking senter i Vág Kommune på Færøyane (Vágs Kommuna, [www.vagur.fo](http://www.vagur.fo)) og Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv ([www.fjordsenter.com](http://www.fjordsenter.com) og [www.fjordcowork.com](http://www.fjordcowork.com)) i Norge. Prosjektet er finansiert av NORA – Nordisk Atlantsamarbeid (50%) og prosjektpartnerne (50%).

**Den overordna målsettinga i prosjektet har vore å rekruttere unge innbyggjarar til små bygder i NORA-området gjennom bruk av eksisterande Coworking – tilbod.**

Dette skulle vi etter planen oppnå gjennom å: 1. Opparbeide og utveksle kunnskap om bruk av coworking for å rekruttere innbyggjarar til bygder og småbyar. 2. Gjennomføring av pilotprosjekt for å teste ut måtar å rekruttere innbyggjarar på basis av coworking initiativ. 3. Utforske samarbeid knytt til eksisterande digitale plattformer. Planen er også å vidareføre samarbeidet minst eitt år til (også i perioden 2025 – 2026) avhengig av finansiering. Gjennom initiativet har vi søkt å skape miljø i bygdene som er attraktive og berekraftige for unge og gjennom dette å bidra til å halde oppe og styrke livskvaliteten i småsamfunna.

Denne rapporten er delt inn i to delar. Vi tenker at det viktigaste for lesaren er å få med seg erfaringar og beste praksis, den første delen dreier seg derfor om dette. Den andre delen skildrar NORA prosjektet Coworking for bygdeliv! Den seier litt om tankar og idear vi hadde då vi gjekk inn i samarbeidet - for at de som leserar kan få betre forståing av konteksten dette prosjektet har gått inn i, dersom de er interesserte i det.

Vi har lagt opp til brei bruk av lenker til nettsider, heller enn å gjenta tekst som ligg ute på dei same nettsidene. Dermed kan lesaren sjølv navigere og finne fram til informasjon de er interesserte i.

Rapporten ligg føre berre digitalt og vil oppdaterast etter kvart som meir erfaring frå prosjektarbeidet kjem inn.

Denne versjonen er oppdatert **1. juli, 2025**

## PARTNARAR OG COWORKING TILBOD

Coworking initiativa på Færøyane, Island og Norge er forholdsvis forskjellige og er nærmere skildra under.

### FÆRØYANE: VÁGS KOMMUNA


Einaste coworking-senter på Færøyane finn de i Vág kommune (Vágs kommunu) på den sørlegaste øya på Færøyane. Senteret blei etablert før Covid-19, men måtte stenge brått grunna pandemien. Kommunen opna i mars 2024 senteret på nytt.

Senteret spelar ei viktig rolle i å gjere kommunen meir attraktiv for nye innbyggjarar, gi noverande innbyggjarar betre tilgang til arbeidsmarknaden på Færøyane (gjennom fjernarbeid), og å tilby digitale nomadar ein stad å jobbe medan dei opplever kulturen og øylivet kring Vág. I tillegg ser vi føre oss at digitale nomadar og nye tilflyttarar vil tilføre lokalsamfunnet nye ressursar i form av erfaring og arbeidsplassar for folk med høgare utdanning.

Coworking-senteret inkluderer både kontorlokale og tilhøyrande fasilitetar som er tilgjengelege for lokale gründerar og mindre verksemder. Senteret er ei vidareføring av prosjektet *Faroe Islands Coworking Adventure*, som har vore ein del av NORA-prosjekta *Arctic Digital Nomads* og *In Residence in the Arctic*.



FÆRØYANE COWORKING ADVENTURE



WWW.VAGUR.FO NETTPORTAL FRAMSIDE 1. JULI, 2025.

## ISLAND: BLÁBANKINN I ÞINGEYRI


**Blábankinn** [www.blabankinn.is](http://www.blabankinn.is) i Þingeyri har hatt vore viktig for lokalsamfunnet ved å fungere som eit bindeledd mellom det globale og det lokale. Ved å trekke til seg digitale nomadar og internasjonale samarbeidspartnarar, har Blábankinn bidrøge til ein kulturell og økonomisk utveksling som har styrkt lokalsamfunnet på fleire måtar.

For det første har Blábankinn introdusert lokalsamfunnet i Þingeyri for nye idear og arbeidsmetodar gjennom sitt coworking-tilbod og ulike arrangement. Dette har ikkje berre opna for internasjonalt samarbeid, men også inspirert lokalbefolkinga til å tenke nytt om eigen næringsutvikling og kulturell utveksling.

For det andre spelar Blábankinn ei viktig rolle i å fremje Þingeyri og Vestfjordane som ein attraktiv destinasjon for både turisme og fjernarbeid. Dette bidreg til økonomisk vekst og styrker regionen sin plass på det globale kartet – noko som er avgjerande for å motverke fråflytting og fremje berekraftig utvikling i distrikta.

Til sist fungerer Blábankinn som eit døme på vellukka omstilling av nedlagde offentlege bygg til nye formål som coworking – til gagn for lokalsamfunnet. Gjennom arbeidet med å ta vare på bygget sin historiske verdi, samtidig som det vert gjeve nytt liv, viser Blábankinn korleis kulturarv og historie kan flettast inn i moderne utviklingsprosjekt.

Samla sett har Blábankinn sitt bidrag til internasjonale påverknad vore avgjerande for å fremje kulturell forståing, økonomisk nyskaping og sosial samkjensle i Þingeyri. Dette viser kor kraftfullt det kan vere å kombinere lokale ressursar med global innsikt og samarbeid for å oppnå berekraftig utvikling i rurale område.



[WWW.BLABANKINN.IS](http://WWW.BLABANKINN.IS) NETTPORTAL FRAMSIDE 1. JULI, 2025

## NORGE: FJORD COWORK – GEIRANGERFJORDOMRÅDET

Fjord Cowork er eit konsept og ei digital plattform for cowork og workation i Norge og dei norske fjordane. Fjord Cowork er utarbeidd spesielt for digitale nomadar, men også for andre enkeltpersonar eller bedrifter som er på reisefot i lågsesong haust, vinter og vår.

Fjord Cowork ([www.fjordcowork.com](http://www.fjordcowork.com), på Facebook

<https://www.facebook.com/profile.php?id=100075914655620> og på Instagram

<https://www.instagram.com/fjordcowork/>

Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap med delområde Geirangerfjorden og Nærøyfjorden vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste 14. juli 2005. I bygdene Geiranger, Eidsdal og Norddal, ved verdsarvområdet, tilbyr Fjord Cowork attraktive stadar å bu, arbeide og oppleve tett på verdsarvnaturen rundt Geirangerfjorden.

Bakgrunnen for initiativet var mellom anna at Geirangerfjordområdet har stor aktivitet om sommaren og tilbyr på den tida av året overnatting og ei rekke opplevelinger for turistar. Om vinteren, derimot, står mange hus, hytter, leilegheiter og aktivitetstilbod tomme i bygdene. Dette representerer ein unytta ressurs. Gjennom Fjord Cowork er det utvikla ei digital plattform, [www.fjordcowork.com](http://www.fjordcowork.com), som samordnar og synleggjer desse tilboda.


Coworking-fasilitetar har tradisjonelt oppstått i område med større befolningsgrunnlag og aktivitet, og har primært vore knytt til arbeidsforhold. Fjord Cowork skil seg ut ved å kombinere arbeidsfasilitetar med overnatting og synleggjering av aktivitetstilbod. Dette plasserer konseptet i eit spenn mellom tradisjonell coworking og det meir reiselivsorienterte konseptet workation, som hovudsakleg fokuserer på overnatting og opplevelinger knytt til reise. Fjord Cowork kombinerer element frå begge verder, og gir brukarar ein unik moglegheit til å arbeide, bu og oppleve regionen.

Utviklinga av Fjord Cowork-konseptet er støtta av Interreg North Sea Region prosjektet PROWAD Link, Møre og Romsdal fylkeskommune og NORA.

Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv er ansvarlege for og driftar [www.fjordcowork.com](http://www.fjordcowork.com).

**Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv** er ei ideell stifting etablert av Norddal og Stranda kommune saman med Møre og Romsdal fylkeskommune. Stiftinga forvaltar verdsarvstatusen og driftar og held til på Norsk Fjordsenter i Geiranger. Arbeidet omfattar å drive formidlingsarbeid og kompetanseutvikling for å verne og bevare verdsarven. For å vere ei drivkraft for berekraftig utvikling på brei front er arbeidet mangfoldig: Frå å vise korleis ein kan ferdast på miljøvenlege måtar, formidle kunnskap om og vise frem verdsarvområdet til både lokale og internasjonale gjestar, å vere ein arena for vitskapeleg forsking til å vere ein premissleverandør overfor ulike styringsorgan.

**Fjord Cowork** [www.fjordcowork.com](http://www.fjordcowork.com) er eit ledd i dette breie arbeidet for ei berekraftig utvikling av Geirangerfjorden UNESCO verdsarvområde.



[WWW.FJORDCOWORK.COM](http://WWW.FJORDCOWORK.COM) NETTPORTAL FRAMSIDE 1. JULI, 2025 (FOTO: HYKE STUDIO, WWW.HYKE.STUDIO)



OVERSIKT OVER NORSK FJORDSENTER MED COWORKING FASILITETAR (BYGNING FORMA SOM EI PIL) OG BYGDA GEIRANGER MED GEIRANGERFJORDEN. (FOTO HYKE STUDIO, WWW.HYKE.STUDIO)

## STIPENDET ARCTIC DIGITAL NOMADS GRANT



FRÅ KICKOFF FOR DIGITALE NOMADAR I NORDDAL, 16. FEBRUAR, 2025. (FOTO RÁN BJARGAR WWW.RANBJARGAR.COM/)

Gjennom hausten 2024 vart prosjektpartnerane einige om å gjennomføre ei fellessatsing kalla Arctic Digital Nomads Grant.


### UTLYSING

Arctic Digital Nomads Grant vart lyst ut på nettsider, Facebook og Instagram den 22. oktober, 2024. Gjennom stipendprogrammet ville prosjektpartnerane gi digitale nomadar, familiar, kunstnarar og andre sjansen til å jobbe, leve og utforske i fantastiske omgjevnader. Alle som hadde eit ønske om å «fordjupe seg i dei nordiske samfunna og landskap i Arktis» vart oppmoda om å søkje. Kontorplass og overnatting vart dekt gjennom stipendet, og deltakarane ville få høve til å kombinere arbeid og eventyr i regionar som er kjent for sin storslåtte natur og rike kultur.

Det vart sendt ut pressemelding til mange ulike media og lanseringa gav svært god pressedekning lokalt og regionalt. Størst forskjell gjorde det likevel at nasjonale media fatta interesse. Den norske rikskringkastaren NRK dekte saka både på nett, i radio og på TV. Derfrå spreidde informasjonen seg raskt også internasjonalt. Businessmagasinet Forbes plukka mellom anna opp saka.

- Forbes, nyhetsartikkel "How Digital Nomads Can Experience The Nordic Winter For Free":  
<https://www.forbes.com/sites/davidnikel/2024/11/01/how-digital-nomads-can-experience-the-nordic-winter-for-free/>
- På NRK nyheter kunne ein finne artikkelen «Søker etter folk som vil bu gratis her»  
[https://www.nrk.no/mr/soker-etter-folk-som-vil-bu-gratis-i-geiranger\\_-thingeyri-pa-island-eller-vagur-pa-faeroyane-1.17091792](https://www.nrk.no/mr/soker-etter-folk-som-vil-bu-gratis-i-geiranger_-thingeyri-pa-island-eller-vagur-pa-faeroyane-1.17091792)

Første utlysing av Arctic Digital Nomad Grant 22. Oktober, 2024 vist i tekstboks.



## Søk om Arctic Digital Nomads Stipend!

Er du klar for ei oppleveling for livet i eitt av dei mest fantastiske landskapa i verda? Gjennom fleire Arctic Digital Nomads Stipend inviterer vi deg til å tilbringe minst ein månad med å jobbe, skape eller berre å leve i dei imponerande omgjevnadane ved Geirangerfjorden (Norge), Thingeyri (Island) eller Vág (Vágur, Færøyane).

Anten de er ein familie på jakt etter ein ny heim, ein digital nomade som tar med arbeidet på vegen, eller ein kunstnar på jakt etter ny inspirasjon, kan dette vere ditt livs eventyr! Vi er også opne for søkerar som ønskjer å oppleve alle dei tre destinasjonane.

### **Sterk motivasjon for å omfamne livet i Arktis**

Vi oppfordrar søkerar som verkeleg er begeistra for å leve i arktiske omgjevnadar, og som ser dette som eit springbrett til noko meir permanent.

Stipendet gir deg ein unik moglegheit til å fordjupe deg i magien Arktis byr på.



### **Kva er inkludert**

- **1-3 månader med eventyr:** Kontorplass og innkvartering vert dekt fullt ut.
- **Eit nettverk av medutforskarar:** Du vil bli kopla til andre stipendiatar, dele erfaringar og byggje eit fellesskap.
- **Fantastiske opplevelingar:** Frå ski og utforsking av varme kjelder til avslapping i lokale spa, vil du få eit djupdykk i kulturen og aktivitetane på destinasjonen du vel.
- **Bidra til lokalsamfunnet:** Vi ønskjer menneske med ulik bakgrunn som kan tilføre lokalsamfunna våre forskjellige talent. Vi ønskjer at søkerar vil tilby sine ferdigheter og idear til organisasjonar eller samfunn dei kjem i kontakt med.

## KVA INFORMASJON BAD VI OM I SØKNADEN?

Responsen på utlysinga var overveldande og kom frå heile verda. Interessa var uventa og vi måtte derfor stenge utlysinga tidlegare enn planlagt. I ettertid ser vi at vi burde hatt eit betre system for å ta imot og handtere søkerne. Dette er noko vi legg opp til å betre inn mot seinare utlysingar.

Det var viktig for oss å nå tak i søkerar som ikkje berre var på jakt etter ei opplevingsrik reise, men som var genuint interessert i å prøvebu i bygdene. For å skilje mellom søkerane på Arctic Digital Nomads stipend, bad vi dei om å svare på følgjande spørsmål:

1. Kva er din motivasjon for å bli med i Arctic Digital Nomads Grant (prosjektet Coworking for Bygdeliv)?
2. Korleis ser du for deg å bidra til lokalsamfunnet?
3. Kor lenge reknar du med å bo på den valde staden?
4. Kva slags fjernarbeid har du planar om å utføre under opphaldet?

Vi tok imot både skriftlege søkeradar og videoar.

## KVEN SØKTE?

### TIL GEIRANGERFJORDOMRÅDET

Til Geirangerfjordområdet søkte om lag 300 enkeltpersonar, par eller familiar.

Basert på noko overflatiske analysar av søkermassen til Geirangerfjordområdet ser det ut som det først og fremst har vore to grupper søkerar:

1. Personar med IT- og teknologibakgrunn
2. Personar i kreative yrke og/eller frå media. Desse kan vere fotografar, skribentar, forfattarar, journalistar og så vidare.

Det er også andre yrke som er representerte, til dømes personar som flytta med seg faste jobbar innanfor forsking, forvaltning eller IT.

Det er også verdt å merke seg at mange av dei som søker er personar som eig selskap eller som jobbar sjølvstendig, noko som kan tyde på at mange i søkermassen har ein sterkt gründermentalitet. Det er også ein stor del av søkerane som omfamar ein digital nomade-livsstil eller har potensial for fjernjobbing på grunn av yrka sine.

Det ser ut til at motivasjonen for å sökje for dei fleste kjem frå ein eller fleire av kategoriene under, rangert om lag frå viktigast til minst viktig.

1. Ønske om eit nytt heimeliv og familieliv (truleg viktigast, spesielt hos dei mest aktuelle søkerane for vår målsetjing om sterkt tilknyting eller busetting i området)
2. Kjærleik til norsk natur og friluftsliv
3. Miljø- og økologiske mål
4. Personleg vekst og eventyr
5. Profesjonell og kreativ innsats
6. Hobbyar og personlege interesser

Det er grunn til å tru at mange av desse særtrekka er knytt til korleis utlysinga er utforma, der vi spesielt søker etter digitale nomadar, men også nemner til dømes kreative yrke. For å sökje på eit slikt stipend er det jo også naudsynt å ha eit yrke med fleksibel arbeidsstad.



SOLVEIG OG TRYM PRESENTERER SEG FOR DEI ANDRE COWORKARANE. MØTEROMMET PÅ NORSK FJORDSENTER I GEIRANGER. (FOTO: ELSE RAGNI YTTREDAL)

## TIL ISLAND

**BlåBankinn** mottok søknader frå godt over 300 interesserte deltakarar som ønskta å kome til **Þingeyri**. Søkarane fall i stor grad inn i to hovudkategoriar, slik **Geirangerfjordområdet** nemnde ovanfor: profesjonelle med bakgrunn innanfor IT og teknologi, og dei som arbeider i kreative yrke.

I tillegg såg vi interesse frå folk i ei rekke andre yrke – inkludert dei med faste stillingar innan forsking, offentleg forvaltning og IT – som ønskta å flytte, samstundes som dei heldt fram med arbeidet sitt på heimekontor. Eit betydeleg tal søkerar var sjølvstendige næringsdrivande eller dreiv eigne verksemder, noko som tyder på ein sterkt gründermentalitet. Mange levde som digitale nomadar eller hadde jobbar som gav full fleksibilitet til å arbeide frå kvar som helst.

Søkarane var ikkje berre ute etter eit sceneskifte – dei ønskta å engasjere seg djupt i lokalsamfunnet, oppleve ein annan livsstil, og bidra på ein meiningsfull måte. Mange uttrykte eit ønske om å delta på lokale arrangement, bli kjende med kulturen, og omfamne den rolege livsstilen som dei avsidesliggjande Vestfjordane tilbyr.

Ved vurdering av søknadene såg vi nøye etter dei som ikkje berre ville ha personleg og profesjonell gevinst av tida si i Vestfjordane, men som òg viste genuin interesse for å bygge relasjonar til regionen – anten gjennom langvarig busetjing eller vedvarande tilknyting. Dei vanlegaste motivasjonane blant søkerane inkluderte ønske om å finne ein ny heim og familieliv, kjærleik til natur og friluftsliv, eit engasjement for miljøverdiar, personleg utvikling, kreativ og profesjonell vekst, og det å dyrke meiningsfulle hobbyar.

Vi la stor vekt på å velje kandidatar som delte desse verdiane og som viste eit reelt potensial for å bidra til lokalsamfunnet, samstundes som dei nyttar moglegheita til å arbeide frå BlåBankinn og bu i Þingeyri.



UTSIKT FRÅ EIN AV ARBEIDSPLASSANE I BLÁBANKINN

### KVEN FEKK TILBOD OM STIPEND?

Før vi valde ut kven vi skulle tilby stipend, søkte vi hjelp hos Visit Faroe Islands som held i trådane på Færøyane sitt initiativ «Closed for maintenance» - eit initiativ som kvart år får tusenvis av søkerar og som trekkjer hundrevis til organisert frivillig arbeid på øya.

Frå Visit Faroe Islands fekk vi råd om å vere merksame på:

1. Visautfordringar stipendmottakarane kan kome opp i, spesielt knytt til tredje part EU innbyggjarar.
2. Overivrige søkerar – noko som kan vere eit teikn på at dei generelt treng mykje hjelp og assistanse også etter ankomst.
3. Gratispassasjerar – dei som berre søker for å få ein gratis ferie.

Vi forsøkte å følgje opp råda. Visit Faroe Island råda oss også til neste gang å nytte eit søkeradsskjema slik at ein får inn all naudsynt informasjon samla i eitt skjema, eit tips vi tek med oss til neste utlysing.

Utveljingsprosessen på **Island** viste seg å vere utfordrande på grunn av den høge kvaliteten og breidda blant søkerane. Etter grundig vurdering identifiserte vi likevel eit par som samsvarer godt med utveljingskriteria våre og som viste stor interesse for å kome til BláBankinn.

Ein av dei viktigaste utfordringane for prosjektet var tilgangen på bustad, noko vi måtte ta omsyn til då vi tok den endelige avgjerdene. Etter eit nettmøte med dei utvalde kandidatane, der vi la fram forventningar og vilkår knytte til årstida, sende vi formelt ut ei invitasjon til dei.

Basert på tilbakemeldingane deira, som er inkluderte seinare i denne rapporten, meiner vi at avgjerda var godt grunngjeven. Tida vi brukte på grundig vurdering og god kommunikasjon med søkerane bidrog til det vellukka resultatet med å få dei hit til Vestfjordane.

Til **Geirangerfjordområdet** fekk 9 «einingar», altså enkeltpersonar, par eller familiar tilbod om stipend. 7 av desse, i alt 11 personar, aksepterte tilboden. Desse vart busette i Geiranger, Eidsdal eller Norddal i perioden 15. januar til 30. april 2025 i hytter og leilegheiter rundt om i området. Dei fekk alle tilbod om coworkingplass ved Norsk Fjordsenter i Geiranger eller ved Norddalstunet i bygda Norddal.

I tillegg nytta 3 coworkarar tilboda på eiga hand. Dei leigde seg inn for overnatting og gjennom Fjord Cowork nettløysinga - med rettleiing. Desse fekk også tilbod om gratis kontorplass og var knytt saman med resten av nettverket gjennom heile periode dei oppholdt seg i området.

Dei som fekk tilbod hadde for det meste bakgrunn frå foto, film, animasjon, marknadsføring og IT, men også andre yrke var representert.

Bakgrunnen for å sökje på ADN stipenda var ulike, men vårt inntrykk er at desse punkta var mest framtredande – moglegvis i denne prioriterte rekkefølga.

1. Ønske om å teste ut livet i Norge
2. Ønske om å utforske norsk natur og friluftsliv
3. Miljø- og økologiske mål
4. Personleg vekst og eventyr
5. Profesjonelt og kreativt bidrag
6. Hobbyar og personlege interesser (minst viktig)

Truleg dannar ein miks av orsakar grunnlaget for söknadene. Som nokre av stipendmottakarane uttrykkjer det i tilbakemeldingsskjema:

*“Eg ville utforske naturen, bli kjent med Norge og studere norsk.”*

*“Eg ville prøve å teste ut det å bu i ei lita bygd og sjå om det er eit liv for meg.”*

## KVA GJORDE VI FOR Å FØLGJE OPP ARCTIC DIGITAL NOMADS STIPENDMOTTAKARAR?

Dei prioriterte stipendmottakarane fekk tilbod om stipend rett før jul 2024. Dei fleste av dei som fekk tilbod ønskre om å ta imot stipendet. Dei som hadde ønske om å kome vart alle tett følgd opp gjennom digitale møte. Måla med møta var både å bli kjende, men også å klargjere kva gjestane var opptekne av; interesser og preferansar i forhold til bustad og arbeidsstad. Eit anna tema var kva coworkarane ønskte å bidra med tilbake til lokalsamfunna medan dei var i området. På førehand og underveis i samtalane sette vi opp lister over aktivitetar dei kunne vere med på og oppgåver vi gjerne ville ha hjelp til.

Lista over det vi ønskte av bidrag til lokalsamfunna såg om lag slik ut i Geirangerfjordområdet:

1. Teknologisk utvikling av Arctic Digital Nomads-rutinar og prosedyrar (og kanskje også konsept?) (rutinar for utlysing, tekniske løysingar for kunngjering og for å handtere söknadar, samt andre relaterte oppgåver).
2. Utvikling av eit nettverk for Arctic Digital Nomads – både lokalt og mellom partnarområda.
3. Arrangere kurs/opplæring i Chat GPT/KI-moglegheiter for verksemder og interesserte.
4. IT-hjelp til pensjonistar og andre som treng digital støtte (basert på innspeil)
5. Bilde og videoar frå opphaldet.
6. Bidra til å utvikle sosiale møteplassar mellom Arctic Digital Nomads og lokalsamfunnet.

7. Hjelpe til med lyskunstfestivalen (eit større arrangement i regi av Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv) og legge grunnlaget for temaworkations (kunstnarar, forskarar, coworkarar osv.) i samband med lyskunstfestivalen (truleg først i 2026).
8. Bidrag til bruk av 3D visuaslering til å kommunisere naturverdiar i verdsarvområdet
9. Alle typar sosiale arrangement. 😊

Det viste seg at alle stipendmottakarane gjerne ville bidra til ulike oppgåver og dei spelte også inn eigne oppgåver som dei ville jobbe med under opphaldet.

I tillegg førespegla vi i Geirangerfjordområdet deltakarane å vere med på mange ulike aktivitetar etter ønskje. Dei fleste av desse er svært lokale:

- Måne- og stjerneskinnstur, ski eller truger
- Opplevingar (og frivillig arbeid ein vil) under Geiranger lyskunstfestival 14. – 23. Februar, 2025
- Badstu i naustet, fjordbad for dei som vil det.
- Besøk på Møllstunet
- Fisketur og ørnesafari
- Italiensk kokkekurs (foreslått av stipendmottakar)
- Quiz
- Fellesturar på ski
- Arctic Digital Nomads treff og kick-off.
- Virtuelt Arctic Digital Nomad treff (Island, Færøyene, Norge)
- Gardsbesøk
- Bålkos ved fjorden
- Båtcruse på Geirangerfjorden

Dei fleste av aktivitetane vart gjennomførte og fleire til. Coworkarane deltok etter ønskje. Berre på felles Arctic Digital Nomads treff var alle samla på ein gong. Målsetjinga med treffet var at dei digitale nomadane skulle bli kjende med området og kvarandre.

**Noko som spontant var svært populært var mat!** Det vart mange sosiale treff over vaflar, middag og lunsj. Det gjekk på omgang å invitere. Både på Norsk Fjordsenter og på Norddalstunet vart det mykje sosialt rundt felles matlaging og kjøkken.

Ein sint hane måtte bøte livet for å bli til den japanske retten “ramen”.

## RESULTAT OG TILBAKEMELDINGAR FRÅ ARKTISKE DIGITALE NOMADAR (ADN)

Arctic Digital Nomad Grant (ADN) vurderer vi som ein stor suksess. Det har moglegheit til å etablere seg som ei vellukka satsing for å tiltrekke seg digitale nomadar til distrikts-Norge i lågsesong. Evalueringa frå deltakarane i årets program viser også gjennomgåande høg tilfredsheit – både med opphaldet, organiseringa og moglegheitene for sosialt og fagleg fellesskap.

Samstundes finst det fleire klare og forslag til vidareutvikling – særleg knytt til digital struktur, samhandling og synlegheit. Til dømes kan betre førebuing og meir systematisert lokal kontakt bidra til å styrke konseptet ytterlegare.

Nedanfor finn de meir detaljert informasjon om erfaringar frå prosjektet.

## EVALUERING KNYTT TIL GEIRANGERFJORDOMRÅDET

Resultat av prosjektet etter eitt år overgjekk langt det vi hadde forventa. Av 14 coworkarar som totalt vitja vårt område (pluss born og coworkarane sine gjester) ynskjer:

- Ein familie (med to coworkarar og born) å busetje seg i bygda Norddal i første omgang for eitt år.
- Ein coworkar ynskjer å ta med seg arbeidet sitt og bu delvis i Norge og delvis i heimlandet sitt dei neste åra, for på sikt å busetje seg fast i området.
- Ein av coworkarane vil kome tilbake for arbeid til hausten.
- Dei fleste ynskjer sterkt å kome tilbake for liknande opphold og nokre har allereie starta med planlegging av eit slikt opphold.



UTSIKT I GEIRANGER. ( FOTO TWYLA MERGAN.)

I løpet av perioden med besøk frå Arctic Digital Nomad stipendmottakarar fekk Geirangerfjordområdet hjelp til å utvikle eit system for evaluering. Spørjeskjema er sendt ut til alle som var på opphold i området i perioden og vi har fått tilbakemelding frå dei fleste (10 av 14 personar). Informasjonen frå evalueringa skal først og fremst nyttast til å vidareutvikle programmet. Nedanfor vil vi likevel gi eit lite inntrykk av tilbakemeldingar og tilrådingar.

Det overordna inntrykket av opphaldet kjem godt fram når coworkarane i eit evalueringsskjema vert bedne om å skrive ned ei setning om sine beste minne frå opphaldet:

«Det er vanskeleg for noko å måle seg med skjønnheita i Geiranger, men på eit vis klarer folka likevel å bli det vi kjem til å setje aller størst pris på frå tida vår der.»

«Eg trur løftet "vi kjem tilbake" seier alt!»

«Så mange! Dei vakre fjellturane kjem først i tankane.»

«Eg klarer ikkje å velje – kvar einaste dag var eit vakkert minne!»

«Under ein bekvart himmel i hagen bak vårt mellombelse heim, låg dottera mi og eg og såg i undring opp medan stjerner, satellittar og galaksar dansa over oss – og nordlyset tente seg i ein surrealistisk, virvlaude auge som Sauron sjølv. »

«Den mest spektakulære naturen og eit inkluderande samfunn.»

«Daglege latterkuler under lunsjen med nomadar og lokale»

«Heile opphaldet var ei uforgløymeleg fin tid!»

«Å bli invitert på kafé med halve bygda berre 15 minutt etter at vi kom den første dagen.»

«Dette var ei fantastisk tid – verkeleg eit eventyr for heile familien vår. Vi har skrive eit merkeleg kapittel i livshistoria vår, eit vi aldri vil gløyme. Å sjå barna mine så glade og avslappa, leike fritt ute og knyte band med andre, fyller hjartet mitt med enorm glede. Det er både turar og venskap her som vil vere med oss for alltid. Eitt av dei første uforgløymelege augneblikka var å nyte lunsj i sola og møte alle. Og utallige fantastiske opplevingar følgde – barna våre som leika lykkelege mellom geitene, kosa seg med vaflar hjå Anne og Tor, foreldra mine på besøk, leik på ski på Korsmyra, ein solrik båttur med Thomas, vintercruiset... minna tek aldri slutt.»

Alle dei ti coworkarane har gitt toppscore (5 av 5) i den samla vurderinga av opphaldet. Seks av deltakarane ønskjer definitivt å kome tilbake til eit liknande opphold, medan tre svarar "truleg" og éin svarar "kanskje". Når det gjeld vilje til å anbefale konseptet til andre, svarar ni personar at dei definitivt ville gjort det (5), og éin svarar "truleg (4)". Dette tyder på at opphaldet har vore svært positivt og at det har potensial til å skape ringverknader utover det individuelle opphaldet.

Fleire moment vert trekt fram som suksessfaktorar:

- **Sosialt fellesskap og miljø:** Deltakarane set pris på det å bli kjent med kvarandre og med lokalsamfunnet. "Folk" og "sosiale aktivitetar" går att som gjentekne suksessfaktorar.
- **Tilrettelegging og informasjon:** Klar kommunikasjon om forventningar, god informasjon og raske svar vart sett stor pris på. Videosamtale i forkant vert særskilt trekt fram som positivt.
- **Vertskap og infrastruktur:** Vertskapet får ros for både det sosiale og det profesjonelle miljøet. Staben vert omtalt som varm og inkluderande, og kombinasjonen av fokusert arbeidsmiljø og uformelle sosiale møtestader vart godt motteken.
- **Aktivitetstilbod:** Deltakarane rapporterer om eit svært variert og rikt program. Dei opplevde breidde og i aktivitetane – frå sauna og matlaging til felles fjellturar og lyskunstfestival.

Sjølv med svært høg tilfredsheit, kjem det fram fleire forslag til forbetring:

- **Strukturert informasjonspakke:** Det vart etterlyst eit dokument med praktisk informasjon om kontorlass, wifi, reglar og fasilitetar. Eit felles kommunikasjonsverktøy (t.d. WhatsApp og kalender) burde vore etablert i forkant.
- **Nettside og søknadsprosess:** Både struktur og informasjonsflyt på nettsida kunne vore betre. Tydlegare og meir automatisert søknadsprosess, inkludert svar på søknad og bruk av søknadsportal, vert foreslått.
- **Programlogistikk:** Aktivitetane kunne vore betre spreidde over tid, og enkelte opplevde noko ukoordinert ankomst for coworkarar utanom stipendordninga.
- **Kontakt med lokalsamfunn:** Sjølv om åtte av ti rapporterer god kontakt med lokale, ønskjer fleire endå meir strukturert og målretta samhandling, til dømes gjennom dugnad eller møteplassar.

Forsлага vert følgt opp så godt som råd i dei komande Arctic Digital Nomad stipendutlysingane – og opphold.

#### *OVERNATTING OG FASILITETAR*

Stipendmottakarane fekk tilbod om overnatningsplass og kontorlass. For å innrette dette etter ønskje og behov, vart overnatningsplass eitt tema i ein digital samtale i forkant av opphaldet. På denne måten var det enklare å skreddarsy tilbodet etter behov.

Overnattingstadane fekk gjennomgåande svært gode vurderingar: sju av deltakarane gav toppscore (5), og tre gav 4. Dei trekkjer fram utsikt, vertskap og heimleg atmosfære som positivt. Enkelte peikte på nokre mindre praktiske utfordringar, men desse vart løyst langsmed.

#### *ARBEIDSPLASS OG BRUK*

Cowork kontorfasilitetane fekk også svært høg skår. Alle stipendmottakarane nyttar arbeidsplassen jamleg. Fleire nemner kor viktig det er å ha eit stabilt og sosialt fellesskap på kontoret – noko som i år fungerte svært godt. Til neste år vil vi nyttre høvet til å få fleire konkrete tilbakemeldingar også i forhold til kontorlass.

#### *AKTIVITETAR OG DELTAKING*

Deltakarane var i stor grad nøgde med mengda aktivitetar. Berre to meinte det var "for mykje", og då på grunn av overlappande arrangement. Favorittaktivitetar var mange og varierte. Det vart etterspurt meir organisering av gruppeturar og aktivitetar med lokalbefolkinga, samt spesifikke ønskje som bålturar, spelekeldar og dugnad.



AKTIVITETAR FOR FAMILIEN. (FOTO TWYLA MERGAN)

#### *BIDRAG FRÅ DELTAKARANE*

Å bidra til lokalsamfunnet var skissert som både eit krav og ei moglegheit for å få stipend. Deltakarane var særstakt positive til dette og nytta høvet både til å knyte seg til lokalsamfunnet og til å oppleve noko sosialt. Av bidrag både til Arctic Digital Nomad programmet og til lokalsamfunnet kan nemnast til dømes:

- Felles måltid og kulturutveksling
- IT-hjelp til innbyggjarar og organisering av digitale system
- Innsats ved arrangement som lyskunstfestivalen
- Kurs og foredrag (t.d. AI, italiensk kokkekunst)
- Skulebesøk og lokal samhandling
- Nye initiativ knytt til vidareutvikling av digital formidling om verdsarven
- FjordFilmFestival

#### *INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON*

Dei fleste opplevde informasjonen i forkant som god (7 med toppscore). Det vart foreslått å automatisere delar av informasjonsflyten, ha felles digitale møte på førehand og styrke FAQ/dokumentasjon på nettsida. Fleire etterspør informasjon om praktisk logistikk, som transport, ladestasjonar og lokal geografi.

#### *REKRUTTERING OG MOTIVASJON*

Dei fleste fekk vite om stipendet gjennom vene eller media (NRK, Forbes). Ingen oppdaga det direkte via nettsida – noko som tyder på at marknadsføring og synlegheit på eiga plattform kan forbetra. Motivasjonen for å søke var i stor grad knytt til natur, kultur og det å teste ut bygdelivet i Norge.

#### *EVALUERING/OPPSUMMERING KNYTT TIL TIL ÍSLAND*

Viki (Arkitekt) og Joshua (Software Business Owner) vitja saman Blábankinn og Þingeyri frå 12. februar til 12. mai, 2025.

Dei har skrive ned sine refleksjonar frå opphaldet som arktiske digitale nomadar i Þingeyri og uttrykkjer seg slik:

«Vi oppheldt oss i tre uforgløymelege månader med å bu og arbeide i det vesle, men levande samfunnet Þingeyri på Island, som ein del av Arctic Digital Nomads-stipendet. Vi kom 12. februar og reiste 12. mai, med mål om ikkje berre å arbeide eksternt, men å verte ein del av lokalsamfunnet, kulturen og kvardagslivet.

#### *Vere del av lokalsamfunnet*

Basen vår var eit koseleg hus med tre soverom i hovudgata på Þingeyri, berre 100 meter frå Blábankinn – samlingspunktet for kontorfellesskap og kultur, og dessutan koordinator for stipendet. Å bu så nært gjorde det lett å kome inn i rytmen i bygda. Vi deltok på lokale arrangement, bygde nære relasjonar og hjelpte til med å koordinere islandske språkkurs kvar torsdag.

#### *Nokre høgdepunkt frå kulturmøta våre*

- Deltaking på smedverkstad der Viki laga ei skei av ein bronsespikar
- Halde føredrag på den lokale skulen om livet som digital nomade og framtidsutsikter
- Lære å strikke (Viki vart ferdig med ein sokk, Josh med ein tredel av eit skjerf!)
- Vere med Arctic Fish ut på fiske og lære om den lokale fiskerinæringa
- Daglege bad i det lokale bassenget – ein viktig sosial møtestad
- Deltaking i påskefeiring med bingo, idrettsdag og musikkfestival

- Grillingar, fjellturar, leirbål og middagsselskap med nye vener
- Kajakkpadling i fjorden blant selar – takk til Odin frå styret i Blåbankinn

Þingeyri, med sine rundt 250 innbyggjarar, tok imot oss med opne armar og viste oss eit rolegare liv der vi er meir til stades – noko vi verkeleg har lært å setje pris på. Trass i avsides plassering, kjeda vi oss aldri – vi var alltid omgjevne av naturens prakt og sosialt liv.

### ***Profesjonelt arbeid og prosjekt***

Vi fjernarbeidde medan vi var der.

**Viki**, som arkitekt, tok på seg fleire lokale prosjekt, mellom anna:

- Lage teikningar for ei verna kulturminne-bustad og planleggje renovering av interiøret
- Redesign av interiør i lokale heimar, med nye farge- og teksturpalettar
- Hjelpe ein lokal innbyggjar med å utforme ein inngang som hindrar snøskavlar

Desse oppdragene gav Viki ei djupare forståing av nordisk design og korleis arkitektur tilpassar seg ekstreme forhold.

**Josh**, som grunnleggjar av programvareselskapet WebWisp, samarbeidde med Guðrún ved Blåbankinn for å:

- Forbetre system for oversetting på nettstaden deira
- Lage ei ny nettside for sommarhusa med direkte booking integrert med Airbnb og andre kalendrar

I tillegg oppnådde han ein viktig milepæl i bedrifta si ved å bygge eit eige salsteam for utgåande sal, noko som auka inntektene betydeleg.

Þingeyri viste seg å vere ideelt for konsentrert arbeid. Den fredelege atmosfæren, saman med den kreative energien ved Blåbankinn og trivelege kaffipausar, gjorde kvardagen balansert og effektiv. Den einaste utfordringa var den avgrensa kollektivtransporten til Ísafjörður – som kravde litt planlegging – men Guðrún hjelpte stort ved å låne oss bil ved behov.

### ***Utforsking, natur og refleksjonar***

Utanom bygda fekk vi uforgløyemelege naturopplevingar på Island. Vi var heldige og fekk sjå nordlys fleire kveldar, og vi køyrdet heile Ringvegen, der vi gjekk på brear, svømte mellom tektoniske plater, og møtte ein reinsdyrkalv. Lokalt utforska vi Vestfjordane og fekk sjå arktiske revar.

### ***Lærdomar og framtidsplanar***

Den største lærdomen vår var å sjå korleis ueigennytting og open støtte skaper eit robust og fellesskap fylt av glede. På det profesjonelle planet fekk vi ny innsikt i islandsk arkitektur og utfordringar med infrastruktur i distrikta. Personleg forelska vi oss i livsstilen, og vurderer no seriøst å kome tilbake til Þingeyri på lang sikt – kanskje til og med kjøpe eit hus og bu der delar av året.

### ***Utfordringar***

Dei viktigaste utfordringane vi møtte var:

- Språkbarrierar, særleg med den eldre generasjonen – noko vi jobba med ved å delta på kurs i islandsk
- Avsidesliggjande plassering, særleg under store snøfall og utan eigen bil

Trass i dette var opplevinga gjennomgåande positiv og forvandla både liv og perspektiv.»



VIKI OG JOSH PÅ COWORKING I ÞINGEYRI PÅ ISLAND. (FOTO VIKI OG JOSH)

---

## DEL 2: OM PROSJEKTET “COWORKING FOR BYGDELIV!”



NORDLYS PÅ ISLAND. (FOTO: VIKI OG JOSH)

## COWORKING FOR BYGDELIV! FØREMÅL OG AKTIVITETAR

Initiativet til prosjektet «Coworking for bygdeliv!» tok vi våren 2024. Det vart planlagt som eit toårig prosjekt, men det er også mogleg at samarbeidet vil strekkje seg lenger ut i tid. Teksten under er i stor grad henta frå søknadsteksten til NORA i 2024.

**Overordna målsetting i prosjektet har vore å rekruttere unge innbyggjarar til små bygder i NORA-området gjennom bruk av eksisterande Coworking – tilbod.**

Gjennom initiativet har vi ønskt å skape miljø i bygdene som er attraktive og berekraftige for unge, og gjennom dette bidra til å oppretthalde og styrke livskvaliteten i småsamfunna.

Etter planen skulle vi gjennomføre desse aktivitetane det første året (midten av 2024 – midten av 2025):

1. **Opparbeide og utveksle kunnskap** om bruk av coworking for å rekruttere innbyggjarar til bygder og småbyar:

- Samle og dele kunnskap om beste praksis og tidlegare erfaringar med å bruke coworking som verktøy for å tiltrekke og halde på unge innbyggjarar i NORA området.
- Utforske korleis coworking kan bidra til å skape attraktive arbeidsmiljø og sosiale nettverk som trekker til seg unge menneske til bygder og småbyar

2. **Pilotprosjekt**, uttesting av måtar å rekruttere innbyggjarar på basis av eksisterande coworking initiativ:

- Gjennomføre eitt pilotprosjekt i kvart partnarland for å utforske effektive tilnærmingar til å rekruttere nye innbyggjarar til bygder og småbyar i NORA - området. Ein konkret moglegheit som vart diskutert som vart nytta i pilotprosjekta var inspirasjonen frå «Closed for maintenance» initiativet på Færøyane.
- Evaluere pilotprosjekta og identifisere tiltak som bidreg til å fremje busetting og trivsel blant unge menneske i desse områda.

3. **Utforske samarbeid knytt til eksisterande digitale plattformer:**

- Vurdere moglegheita for å kople til og eventuelt vidareutvikle eksisterande plattformer som «Arctic Digital Nomads» (<https://www.arcticdigitalnomads.com/>) og «In residence in the Arctic» (<https://www.inresidenceintheartic.com>) som verktøy for å kople digitale nomadar og fjernarbeidarar med informasjon om arbeidsmogleheter, boligalternativ og livsstil i dei tre områda.

**Målgruppe** for tiltaka er unge voksne, fortrinnsvis digitale nomadar. Desse kan arbeide eller skape seg arbeid både i privat og offentleg sektor.

Sidan den overordna målsettinga i prosjektet er å trekke unge innbyggjarar til småsamfunn har prosjektet ei brei samfunnsmessig nytte. Nyten vil gjelde både prosjektpartnerane sine område, og også gjennom kunnskapsoppbygging og deling, skape mogleheter for andre område i tilsvarende situasjon.



COWORKING I NORDDAL, GEIRANGERFJORDOMRÅDET. (FOTO ELSE RAGNI YTTREDAL)



FRÅ FÆRØYANE

## PARTNARAR

Blábankinn [www.blabankinn.is](http://www.blabankinn.is) i Þingeyri på Island, Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv [www.fjordsenter.com](http://www.fjordsenter.com) i Norge og einaste coworking senter i Våg Kommune på Færøyane (<https://vagur.fo/>) samarbeider i prosjektet Coworking for bygdeliv! Meir informasjon om partnarane finn de under overskrifta Partnarar og coworking tilbod tidlegare i rapporten.

**Felles for dei tre prosjektpartnarane og områda** er at dei har erfart, før prosjektstart, at utviklinga av cowork-initiativ for å trekke til seg unge vaksne til små stader krev målretta innsats over lengre tid. Eit slikt arbeid inkluderar både å skape eit attraktivt arbeidsmiljø, etablere eit støttande samfunn og legge til rette for ein heilskapleg livsstil som appellerer til denne målgruppa. Berre ved å investere tid og ressursar på desse områda over tid kan småsamfunn oppnå ein langsiglig berekraftig vekst og gode miljø for både innbyggjarar og besøkande.

Gjennom prosjektet har vi hatt **stor tru på å oppnå synergiar** mellom dei tre partnarområda og landa. Det er spesielt tre grunnar til dette: 1. Vi kunne bygge på allereie eksisterande infrastruktur og utveksle erfaringar mellom tre etablerte, men forholdsvis ulike cowork initiativ 2. Vi kunne også vidareutvikle tidlegare initiativ i denne retning, som NORA prosjekta «Arktiske opphold» der Våg kommune var partnar og «Digitale nomader» der både Våg kommune og Blábankinn var partnarar. 3. I tillegg må dei tre partnarane som samarbeider vende seg til same målgruppe av unge menneske – nemleg dei som er glade i det kalde, røffe klimaet i NORA-området. Dette kan skape grobotn for felles kunnskapsoppbygging og langsiglig samarbeid.



PÅ TUR PÅ VESTERÅS I GEIRANGER (FOTO TWYLA MARGAN)

## PLANLAGDE RESULTAT AV PROSJEKTET

Forventa resultat frå prosjektet på kort sikt har vore:

1. Auka kompetanse og bevisstheit om bruk av coworking for å rekruttere innbyggjarar til bygder og småbyar.  
Denne rapporten er ledd i eit slikt arbeid.
2. Utvikling av effektive tilnærmingar til rekruttering av nye innbyggjarar ved bruk av coworking fasilitetar i bygdene og cowork som konsept
3. Formidling av kunnskap frå prosjektet til andre bygder og småstader

Spesielt i år 2:

4. Felles synlegheit og marknadsføring av mogleheter for coworking i NORA – området
5. Vidareutvikling av forretningsmodellar for ei langsiglig vidareføring av initiativa

Av meir **langsiktige effektar av prosjektet** ser vi føre oss at initiativet skal bidra til ei revitalisering av småsamfunn gjennom:

- **Befolkningsstabilisering og -vekst:** Gjennom å trekke til seg digitale nomadar, fjernarbeidarar, og entreprenørar, kan coworking-initiativ potensielt stabilisere eller auke folketalet i små bygder. Målsetjinga er at dette kan motverke trenden med urbanisering og sentralisering ved å gi folk grunnar til å flytte til eller bli verande i desse områda.
- **Økonomisk diversifisering:** Ved å introdusere nye arbeidsformer og trekke til seg folk med ulik fagleg bakgrunn, kan initiativa bidra til økonomisk diversifisering. Dette kan redusere avhengigheit av tradisjonelle næringar og skape nye mogleheter for lokal næringsutvikling i lokalsamfunna.

- **Fremje innovasjon og entreprenørskap:** Coworking-tilbod kan fungere som katalysatorar for innovasjon ved å legge til rette for utveksling av idear og samarbeid. Dette miljøet kan inspirere til oppstart av nye bedrifter og prosjekt, noko som igjen kan bidra til lokal økonomisk vekst.
- **Styrking av lokalsamfunnet:** Vidare kan ein ved å skape møteplassar og nettverksmogleheter i coworking-initiativ bidra til eit sterkare og meir samankopla lokalsamfunn. Dette kan betre livskvaliteten og samfunnsengasjement for både fastboande og tilflyttarar, samt fremme ei kjensle av å høyre til.

Samla sett har det vore intensjonen å nytte prosjektet til å demonstrere korleis innovativ bruk av coworking kan vere ein nøkkelstrategi for å revitalisere distriktsområde, fremje berekraftig utvikling, og skape levande, inkluderande og økonomisk robuste lokalsamfunn i NORA-området.

## GJENNOMFØRING OG ORGANISERING AV PROSJEKTET

Dei tre partnarane i prosjektet Coworking for Bygdeliv! har vore likeverdige partnarar i

- Kunnskapsutveksling
- Gjennomføring av kvart sitt pilotprosjekt
- Utforsking av samarbeid knytt til felles marknadsføring og digital plattform

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv har stått som eigar av prosjektet og har hatt ei utvida rolle i forhold til administrasjon, dokumentasjon og organisering av prosjektet.

## FINANSIERING

Prosjektet Coworking for bygdeliv! vart første året 2024 - 2025 50 prosent finansiert av NORA (til saman 489.000 danske kroner fordelt på dei tre prosjektpartnarane) og 50 prosent av prosjektpartnarane sjølve.



VINTERSTEMNING I GEIRANGER. FOTO: TWYLA MERGAN



VÁGS  
KOMMUNA



NORA



Blábakkinn



Geirangerfjorden  
verdsarv



Dei sameinte nasjonane  
sin organisasjon for  
utdanning, vitskap og kultur



Vestnorsk  
fjordlandskap

[www.arcticdigitalnomads.com](http://www.arcticdigitalnomads.com)